

HELSE FØRDE HF  
Postboks 1000  
6807 FØRDE

**Dykkar ref.:**      **Vår ref.:**      **Sakshandsamar:**      **Dato:**  
2019/8206 - 1533/2022      Gina Beate Holsen      16.02.2022

## Regional rutine for varsling

Helse Vest har i samarbeid med helseføretaka hatt mange tiltak og lagt til rette for å utvikle ein god meldekultur og openheitskultur over mange år. Det har vore deltakarar frå alle føretak, HMS-leiarar, tillitsvalde og vernetenesta med i arbeidet. I tråd med endringar i arbeidsmiljølova er retningslinjene revidert, og framlagt Styret i Helse Vest RHF 15. februar 2022, jf vedlegg.

Dei reviderte retningslinjene er i samsvar med eksisterande rutine vedtatt i Styremøtet 11.12.2018. Det er ikkje innhaldsmessige endringar, berre justeringar i tråd med endringar i arbeidsmiljølova i 2020 og 2021, og litt på utforming og språk.

Det er styra i kvar einskild juridiske verksemd som har ansvaret etter lova. Det har vore eit felles regionalt arbeid som skal bidra til felles retningslinjer i heile føretaksgruppa Helse Vest. Vi legg til grunn at alle verksemdene/føretaka legg dette fram til behandling i eige styre i tråd med vedtak i Styret i Helse Vest RHF.

Dei nye retningslinjene er lagt inn i standard mal for retningslinjer, rapporter mv i Helse Vest, sjå vedlegg.

Vennleg helsing

Ivar Eriksen  
Eigardirektør

Gina Beate Holsen  
rådgivar

*Dokumentet er elektronisk godkjent av:Ivar Eriksen eierdirektør*

Vedlegg:

- 1 Regionale varslingsrutinar vedtatt i Styremøtet i Helse Vest RHF 150222
- 2 Styresak - Regional retningslinje for varsling - revidert i tråd med lovendring

Mottakere

HELSE STAVANGER HF

HELSE FONNA HF

HELSE VEST IKT AS

HELSE FØRDE HF

HELSE BERGEN HF

SJUKEHUSAPOTEKA VEST ADMINISTRASJON